

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2020/2021

Innleiing

På grunn av Korona-pandemien kunne det planlagde årsmøtet i grendalaget 9.april 2020 ikkje la seg gjennomføra. Styret og valnemda vart derfor einige om at det dåverande styret skulle halda fram i eit år til, utan endringar.

Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Arild Skjelbred, Nina Haugsnes og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Frode og Arild står på val (styremedlemmer) og Vegard står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Geir står på val.
Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd og Korona

Dette året har det vorte halde to styremøte i grendalaget. I tillegg har styret hatt ein god del kommunikasjon digitalt. Det første styremøtet hadde me 29.mai, og det andre møtet vart halde 9.oktober. Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Korona-pandemien som gjorde at alle påskearrangementa i Rasdalen i påska 2020 måtte avlysast, har framleis godt fotfeste i samfunnet vårt, eitt år seinare. Dette medfører at det heller ikkje i 2021 vert årsmøte, påskerenn eller påskebasar.

Styret tek likevel sikte på å ha styremøte i mai og i oktober. På same måte som i fjor lyt det sitjande styret som fungerer no, halda fram i eit år til. Me håpar – og reknar med at aktivitetane våre i 2021 kan gjennomførast, så sant situasjonen ikkje endrar seg drastisk.

Årsmeldinga som no er skriven, men ikkje godkjent, vert lagd ut på Rasdalssida, www.rasdalen.no. Det må vera i grendalaget si interesse at aktiviteten, og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss.

Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til redaktøren av sida. Dette med å senda bilete og informasjon må medlemmene vera flinke til å gjera, så det er berre å bruka telefonen og senda av garde. Viktig informasjon elles skal også verta kunngjort som oppslag her i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med :

Dugnaden 30.05.20

Denne gongen gjekk dugnadsarbeidet i hovudsak ut på å vaska og rydda i grendahuset, og i tillegg vart det også gjort ein del ryddearbeid ute. I tillegg vart srossene utvendig på salen nede måla opp igjen, og uthuset fekk også eit nytt strøk med måling.

Sidan me hadde eit større og omfattande skrape- og målingsprosjekt året før, vart det denne gongen eit mindre og raskare arbeid. Men vaske- og ryddearbeidet er eit viktig å få gjort, også med tanke på at me hadde tre større arrangement her i tillegg til sommarfesten.

Sommarfesten 01.08.20

Sommarfesten vart avvikla etter same mønster som tidlegare, først aktivitetar ute, og så samling inne. Det var heile 41 personar denne gongen som hadde ein triveleg kveld i lag. Eit positivt innslag var at det var mange nye deltakarar på denne sommarfesten. Uteaktivitetane gjekk greitt unna med konkurransar og med natur- og kultursti, og veret var på vår side. Etterpå heldt me etter tradisjonane til i salen nede. På grunn av Koronaen hadde denne gongen deltakarane med seg mat sjølve. Elles var det quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Og ikkje minst må trekninga av internett-basaren nemnast, den gav oss eit godt økonomisk tilskot. Inntektene på denne festen er viktig for grendalaget, og i fjor fekk me inn 5270 kr på åresalet og heile 18300 på internett-basaren, eit imponerende resultat !

Internett-basaren sommaren 2020

Basaren på påskeaftan har alltid vore ei viktig inntektskjelde for Rasdalen grendalag, men den måtte altså avlysast dette året. Men i fjor vår kom det eit innspel frå Alf Inge Haaland om å arrangera ein internett-basar. Erling Braut Haaland gav ei Dortmund- og ei Red Bull-fotballtrøye som gevinstar, dei hadde han også signert. I tillegg kom det inn mange andre flotte gevinstar, så dette tiltaket vart ein suksess. Styret er svært takksam for at folk var så flinke til å støtta opp om denne kreative idéen til dei to fotballprofilane som har tilhøyrighet til Rasdalen.

Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.20 var på 68116 kr. Etter den tid har det gått ut om lag 14000 kr til faste utgifter. Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2021. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt. Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286. Informasjon om dette ligg også på www.rasdalen.no og på Facebook.

Arbeidet med stadnamn

No har me kome ein god del lenger i prosessen, Jan har tidlegare, med god hjelp, samla stadnamn både for Øvre og Nedre Rasdal. Arild har jobba vidare med desse, og også fått med namna frå Rørbakken. Stadnamna er plotta inn på eit digitalt kart som allereie ligg på Rasdalsida. Her kan folk gå inn og eventuelt koma med innspel når det gjeld namn og plassering, og så tek me sikte på at kartet kan vera ferdigstilt ut på våren.

Diverse

Grendahuset har, som me før har påpeika, fått ein god del «oppgraderingar» i løpet av dei siste åra. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka som lokale for møte, samkomer og festar av ulikt slag. Det er også viktig at me tek vare på huset, og at det ser velstelt og skikkeleg ut. I 2020 hadde me tre vellukka arrangement i grendahuset, ein 70-årsdag, ein 80-årsdag og ein konfirmasjon.

Dei siste fem åra har me arrangert fellesturar. I 2016 gjekk turen gjennom Tostigen og tilbake til Nerjorda. I 2017 arrangerte me ein tur til Holo og Rørbakken på austsida av elva. I 2018 gjekk turen til Nerjordsnipa og tilbake gjennom Gardlia. I 2019 gjekk turen, i eit ufyseleg

ver, til Bolstadstølen. Fellesturen i 2020 gjekk til Donsen 25.juli, og då hadde me godt og tenleg ver. Jostein Forthun var ein dyktig turleiar, så dette vart ein interessant og vellukka tur i eit oversiktleg og greitt terreng.

Sommaren 2020 gjekk me til innkjøp av nytt dusjkabinett, det gamle hadde etter kvart teke kvelden. Badet på grendahuset vert flittig brukt, for her er det både toalett, dusj og vaskemaskin.

Vipps fungerer også godt, det er også eit velkome tiltak som mange som nyttar seg av. Vippsnummeret til Rasdalen grendalag er 530195.

Hausten 2020 var det ein omfattande granhogst oppover Rasdalsvegen, store mengder med gran vart hogd ned og transportert bort. Hogsten gjekk greitt, det vart ikkje trafikale problem og arbeidet gjekk raskt unna. Det som kan vera å kritisera, var mangel på opprydning og reinsking av grøfter etter arbeidet var avslutta. Dei tunge maskinene sette bokstavleg tala sine merke på vegen, slik at vegen fleire plassar seig ut og gjorde grøftene smalare. Dette er noko som kan gjera sitt til at mykje nedbør kan øydelegga vegen.

Området oppover Rasdalsvegen har vorte ganske annleis etter denne hogsten, nokre synest det er bra, medan andre er meir skeptiske. Men no er mesteparten av granskogen vekke, så det lyt me nok berre forhalda oss til.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Trass i Koronaen, så har det skjedd ein god del i grendalaget sin regi det siste året. Sjølv om påskeaktivitetane gjekk ut, så har dei andre opplegg og aktivitetar vorte gjennomførte. Grendahuset har, slik som årsmeldinga viser, vore i bruk og til nytte for medlemmene. Arrangementa har vore vellukka, og det kan nemnast at det kom mange gode ord tilbake etter konfirmasjonen som vart halden her.

Styret prøver så godt det kan å tilretteleggja aktivitet i dalen, sjølv i desse spesielle tider. Me tek sikte på å arrangera både dugnad, fellestur og sommarfest i 2021 også, informasjon om dette skal koma om ikkje så lenge.

I tillegg er det viktig for oss å halda grendahuset i bra stand. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø.

Me får håpa at Koronaen etter kvart vil sleppa taket når vaksininga omsider kan koma skikkeleg i gong. Lengten etter normale tilstandar igjen er vel rimeleg stor hjå oss alle.

For styret i Rasdalen grendalag Terje Rasdal 04.04.2021

